



--

Arkiv saknr:	2018/981
Løpenr.:	8111/2018
Arkivkode:	150/4

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Delegert vedtak - næring		18/47
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Thor Christiansen

Vedtak - Søknad om deling av landbrukseigedom gnr. 150/4 - Jon Tvitekkja

Vedlegg

- 1 Gardskart med tomt - gnr. 150/2 og 150/4

Dokument i saka:

Søknad om frådelling, datert 6.3.2018

Kart

Bakgrunn:

Jon Tvitekkja søker om å få dele i frå omlag 1,5 dekar frå sin eigedom gnr. 150/4 Nordheim i Austbø. Arealet grenser i mot, og skal leggest til dotter Ragni Tvitekkja sin eigedom gnr. 150/2 Tvitekkja Søndre i følge kart.

Det gjeld et avgrensa areal nedom bygdevegen med blant anna garasje og gardsveg som høyrer til gnr. 150/2. Samt eit lite jordstykke som naturleg høyrar saman med dyrka marka på gnr. 150/2.

Vurdering:

Kommunen kan etter jordlova § 12, 3 ledd gje løyve til frådelling av landbrukseigedom under visse vilkår. Ut frå storleik eller lokalisering på eigedomen kan vi ikkje sjå at frådelling vil gje negative konsekvensar i høve til arealressursane på garden.

Arronderingsmessig passer den omsøkte tomte vel så godt saman med gnr. 150/2 – og vil gje eit betre eigedomstilhøve, då mottakar vil eige grunnen til både gardsveg og si eiga garasje. Frådelinga vil gje ei driftsmessig føremunn og gje ein meir rasjonell eining. Ein kan såleis gje løyve etter jordlova § 12.

Saka blir handsama administrativt då ein ikkje kan sjå at den har prinsipielle sider, og høver godt saman med føresegner i jordlova. Frådeling som omsøkt til uendra bruk, er og i tråd med kommunedelplan Rauland sine føresegner for LNF-føremålet i området.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev Jon Tvitekkja – i medhald av jordlova § 12,3 ledd - løye til å dele i frå gnr. 150/4 omsøkt tomt på omlag 1,5 da. Det er eitt vilkår at arealet blir samanføyd med gnr. 150/2

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/